

Høringssvar på Sjøområdeplan Nordmøre, andre gangs høring.

Viser til høringsdokument til andre gangs høring av 5.12.2017.

Innspel til Sjøområdeplan Nordmøre.

Nordmøre Grunneigar og Sjølaksfiskerlag(NGSL) har deltok på fleire møter om sjøområdeplan for Nordmøre, og teikna inn på kart stader der det er aktivt kilenotfiske. Fiske med fastståande reiskap er eit arealkrevjande fiske som krev lange fortøyinger i land og i sjø, der det er ein lovlista rett å nytte dei fortøyinger som krevst ut i frå staden. Det er ikkje lov å sperre eller legge hindringar i straumane som nøtene fiskar i, da dette vil øydelegge fisket.

Akvakulturanlegg med dagens teknologi medfører auka gjødsling av sjø i relativt stort område kring seg, og vil medføre auka nedgroing på nøtter og bruk. Dette vil redusere fangstane i nøtene og gje meir arbeid for fiskaren.

Sjølaksefiske med fastståande reiskap er eit rettighets basert fiske, der grunneigar eller rettighetshaver har lovlista einerett til fisket med dei fortøyinger som krevst. Plassering av akvakulturanlegg som kjem i til hinder for sjølaksefiske med fastståande reiskap vil utløyse erstatningskrav i form av utkjøp av rett eller årlege kompensasjonar.

Vi ser ikkje at dei inntekne stadane for sjølaksefiske med fastståande reiskap er teikna inn på kart, ei heller er det på anna vis teke omsyn til dette i sjøområdeplana. Dette er ein alvorleg mangel i sjøområdeplana Nordmøre som lyt rettast for å få ei fullverdig plan.

Kilenotfiske er i tillegg til å vere eit yrkesfiske med stor økonomisk verdi for fiskarane , berarar av gamal kyst- og fjord-kultur og tradisjonar. Dette er noko som står sterkt hjå folket langs kysten og fjordane og er grunnlaget for engasjement for villaks og sjøaure. Ei sjøområdeplan må ta omsyn til tradisjonsyrke og kystkultur, og sjølaksefiske med fastståande reiskap må tas inn i plana med dei konsekvensar det vil gje for eventuelle akvakulturanlegg og anna inngrep i denne retten.

For Nordmøre Grunneigar og Sjølaksefiskarlag

Nils Fløystad.

Styremedlem i NGSL

Straumsnes 19.01.2017.